

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8.

Fylke: Nordland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Velfjord.

Emne: Beit og brom.

Bygdelag:

Oppskr. av: Knut Strømpdal.

Gard:

(adresse): Sterbørja.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. **Noko etter eigex**

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Fleire heimelsmenn.

SVAR

Beit, ei. Fl. Beite. Det ein her kallar beit er ris og tunne kvistar av bjørk utan lauv på.

Brom, eit, fl. bromme. Det ein her kallar brom er ris og tunne kvistar av regn og selje teke om vinteren etter lauve er falle av.

Bar, eit, fl. bare er kvistar med nåle på av gran og furu. Nemning og bøyning er etter dialekten.

1. Det har vere vanleg at folk har nytta nødfer for å berga krøtera gjennom vinteren. i den seinare tid har det verte mindre av det. Men gamalt var det sers ^{en}valeg. Det var sumaren som skulde gjeva avdrett og hausten kjøtt. Det galt berga flest råd vinteren over, for då venta dei ikkje få kerkje mjølk eller anna frå fjøse. Det for det her er tale om vart kalla beit, brom og bar, alt etter kva slags tre dei kom av. Regn hadde det beste ord på seg, Regnbrom var då og mykje nytta, serleg då til kyr. Dyr som ikkje

2

mjølka laut nøgja seg med bjørkebeit før den var til vanleg mindre arbeid å sankka. Småkrøter, geit og sau fekk helst bar, helst granbar.

2. Nemninga av arbeidet var så ymse etter tilhøvet. Det kunde nyttast erdlag som t.d. Eg står og bryt brem. Han er ute og bryt beit. Men dei nytta og erdlag som: Han er gått ut og brenna. Han skal taka beit. Det er nokså vanleg folk segjar brenna om bryting av kvister av regn og selje til fer. Men å segja beita om å bryta kvist av bjørk til fer er skjeldan, det heiter å bryte beit. Å nytta kniv eller lauvkniv til taking av brem til fer av regn eller selje hende aldri. Det heitte at brem eller beit som var brete var betre for krøtera til fer enn beit og brem som var skåre av med kniv.

Neken serleg slede fer å draga heim beit og brem på kan ingen her minnast no. Rett ofte vart regn eller selje hogge og køyrt heim med kvist og alt, og så vart bremet bråte heime på tunet eller attmed vedsketet. Det same galt om bjørk og beit og. Men beit eller brem vart og brete av standande tre i skegen. Stundem kunde det verta køyrt heim med hest på vanleg slede. Eller det vart bære heim på ryggen i beretaug. Ei xik slik byrde vart kalla ei bremåla eller ei beitaåla etter som det var brem eller beit ein ha med. Meire skjeldan kunde folk draga heim brem eller beit på skikjelke. Men same kjelken vart og nytta til å draga heim anna og om så høvde. Før i tida kunde dei draga heim beit og brem lange vegar. Folketradisjonen fertel såleis,

3

at dei i Strempdal var oppe i Lemsdal og tek beit. Det er ein veg på fire til fem kilometer. Beit av gamle tre skulde vera best til fer og i Strempdal var det den tid berre ungbjørk. Ei sege fertel , at eingang det brann oppe i Lemsdal møtte folka frå Lemsdal dei frå Strempdal mittvegs, dei frå Strempdal kom dragande på ein kjelke og skulde henta beit. Det er ein fem til seks kilometer millem dei to gardane. At ein slik kjelke kunde verta kalla beit= kjelken medan han vart nytta til beitdraging er truleg, liksom han kunde verta kalla brenkjelke ved hentning av bren. Men truleg vart kjelken nytta til det ein hadde bruk for honom til og som han høvde til Det kan verta nytta nemningar som beitlass , bren= lass , regnlass , bjørklass , skavlass.

3. Kva tid på året beit og bren vart henta heim var så ymse. Hadde ein serslite fer kunde ein byrja taka bar beit og bren alt om hausten strakst det kom snø. Men vanlegast vart det å henta heim bar bren og beit ut på vinteren og mot våren. Det var rett vanleg at regn og selje vart kørt heim med kvisten på og at denne vart brete til bren heime. Vaks det bjørk høveleg til å taka beit av så nær garden at det lønte seg vart og bjørka køyrt heim med kvisten på og denne brete til beit. Men som nemnt under 2 vart og bren og beit henta heim lange vegar. Bar av gran vart oftast teke nær garden. Nemningane her kunde vera : Barkvist, bardrega, barbåla, barlass, bardunge.

4. Som før nemnt vart beit og brem helst brete. Beit kunde stundom verta teke med lauvkniv eller skere av med slirekniven. Men som alt nemnt trudde mange at beit og brem som var brete av var betre enn slikt som var skere av med kvast. Om det hadde neke å gjera med at seige kvistar var mindre tenleg til krøtermat enn skjyre og møyre veit og ikkje.

5. Beit og brem vart helst nytta til fer ^ånautkrøter. Det vart lagt opp i båsane til kyrne som heile kvistar. Det laut under breminga verta passe på at bremkvistane ikkje vart for store, dei laut ikkje vera større enn at kyrne åt dei. Kyrne kunde eg få bar, Då vart baret brete smått og lagt i ein stamp og slege vart vatn ever. Dette vatne vart slege vekk. Småfe , geit og sau, fekk skjeldan beit eller kxx brem, dei fekk helst bar av gran. Barkvistane vart då dregne inn i heil lengde og lagt så småfeet nådde eta av det: Hadde ein råd til det før feret kunde krøtera få litt høy eller halm attåt beitet bremet eller baret. Men var det lite om fekk krøtera nøgje seg med berre drett. Småhakka og blanda saman med høy vart det aldri. Til småkrøter vart ferutan bar og busker av ister (vidje) drege inn . Dei fekk då eta kvi= sten og gnaga berken . Serleg ut på våren etter bjørka hadde byrja lauve kunde bjørkbusker og verta drege inn til småfeet.

5

6. Når ein køyrer heim regn til skav vert det kxxx
lagt i regndungar ute på tunet. Derifrå tek ein regn
fer regn og bremmar. Bremet vert bere til fjøset
og lagt i bremdungar eller bremlad. Oftast vert det
vel lagt i fjøsdøra. Men då kyr aldri skulde ha
frese brem, laut det berast inn i fjøs og ligge i
mindre dungar til det tina. Fekk kyrne frese brem
fekk dei ei sjuka og vart liggjande i røysa, dei
vann ikkje reise sjølve utan hjelp. Når baret vart
hatt heim vart det lagt i bardungar heime ved fjøset
og drege inn til krøtere med same det skulde verta
nytta. At dei slepte krøtera ut så dei fekk eta i
regn = eller bardungen var ikkje vanleg her det eg
har høyrte. Det kunde vera når det leid ut på vår=
parten. Ute ved kysten hadde dei gamalt utgangar=
sau, men han laut finna seg maten sjølv anten
ute på marka eller nede i tangfjera. I Velfjord
har eg ikkje høyrte om at dei hadde utgangarsau,
det var for mykje snø om vintrane.

7. At ein skulde taka beit langfredag er lite
kjent her. Det er ein skikk og berre har høyrte
ein lite ymt om. Ei kona som flytta til Velfjord
frå Visten hadde mannen sin til å taka beit lang=
fredag, han skulde taka så mykje at alle krøtera
deire fekk nok til middagsmat. Elles har eg ikkje
høyrte neke meire om denne skikken. Den vanlege
meininga var , at langfredag skulde ein lesa
lidingssoga på fastande hjarta for åmha lukka medxxx
seg i året. Men det er neke som ligg utanem denne
spørjelista.

6

8. Ferutan kvistar av dei nemnte treslaga kunde eg kvistar av eine verta nytta til fer. Men som oftast vart dei nytta på ein annan måte. Einen vart teke og hakka små og hatt i ei gryta med vatn og koka til lågen var brun. Denne einelågen (einelaugen) skulde vera sers nerande Til kyr eller småfe vart ~~ikk~~ den stunden blanda saman med anna skyll og matrestar hatt til drikke. Til kyr kune ^m einelågen verta slege over bustamppane med høy i når dei laga til skyrpe til kyrne eller bløytt til dei. Til kalvedrikke kunde det verta rørt litt mjøl i. Det hente eg at den ~~ix~~ finhakka einebaret vart gjeve til krøtera utan kokning og serleg då til geiter , men dette var mindre i bruk.

Nekre ordbøyingar.

Beit, eit. Beite .
Brem , eit. Breme.
Brema , Bremer.
Bar, eit. Bare.
Bardunge, ein. Bardungen.
Brembåla , ei.
Beitbåla , ei.
Beitdunge, ein. Beitdungenx.
Regnlass, eit. Regnlasse.
Skavlass, eit. Skavlasse.
Einelåg, eit . Einelåge.
Einebar , eit. Einebaret.
Bxxxxxxxixxxx